



Ved påmelding godkjenner du følgjande informasjon og vilkår for deltaking i aquatrening.

Praktisk informasjon

Velkommen som medlem i Volda Symjeklubb! so kjekt at du vil vere med oss på Aquatrening..

Tidspunkt

Vi brukar Spond for påmelding, fakturering og kommunikasjon. Her kan ein ha dialog med instruktør via melding eller skrive innlegg på gruppa. Vi følgjer skulekalenderen, og det er ikkje treningar i skuleferiane eller på heilag dagar. I Spond gruppa blir det oppretta arrangement der ein får påminning om tidspunkt. Det er viktig at alle er aktive og trykker Delta eller ikkje delta på treningane. Då er det lettare for våre instruktørar å planlegge.

Til Aquayoga brukar vi opplæringsbassenget som er 90 cm på det grunnaste og 1.6m på det djupaste. Temperaturen i bassenget held ein temperatur på mellom 32 og 34 grader.

Til Aquagym brukar vi treningsbassenget som er 1.3m på det grunnaste og 3,8m på det djupaste. Temperaturen i bassenget held ca 28 grader.

Volda Symjeklubb har eigne armband for å kome seg inn i symjehallen og som kan nyttast for å låse skap i garderobane. Deltakarar på kurs må kjøpe desse. Dei kostar 150kr. Betaling for armband gjer ein gjennom **vipps** ved utdeling av band.

Det vil vere mogleg å hente ut armband i opningstidene til Voldabadet <https://www.volda.kommune.no/voldabadet/opningstider/>. HUSK Å HENT BAND FØR OPPSTART 😊

Når deltakarane er ferdige å bytte om og dusje møter dei ved bassenget der aktiviteten skal foregå. Opplæringsbasseng for Aquayoga mens treningsbassenget er for Aquagym.

Kva treng deltakarane

- Badebukse/badedrakt
- Såpe og handkle
- Gjerne badekåpe eller handkle til å ha rundt seg for å unngå å bli kald før ein skal i bassenget.
- Om du veit at du fort kan bli litt kald i vatnet, kan ei litt laus badehette vere god å ha. Ho hjelper deg å halde varmen slik at du får ei endå meir behageleg oppleving i bassenget.





VTI-SYMJING

Reglar for hygiene og tryggleik

Volda Symjeklubb har fått beskjed med Voldabadet om at vi skal benytte garderobe 1 dame og garderobe 1 herre.

- Alle må setje skoa frå seg i gangen før ein går inn i garderobene.
- Det er ikkje tillatt med mat i badeanlegget, men drikkeflaske går bra. Det er og vassfontene i hallen ein kan nytte.
- Møt presis og ver klar til å gå i bassenget når timen startar.
- Grundig såpevask av hår, under armar, skrittet før ein går inn i symjehallen. Dette er viktig for å unngå unødig klorbruk.

Badstu og kaldkulp

I etterkant av timen kan deltakarane nytte badstu i ca 15 minutt. Avklar med instruktør om dokke velg å benytte dokke av badstu og kaldkulp.

Medlemskap i klubben

For å delta på Aquatrening i regi av Volda Symjeklubb, må ein vere medlem av klubben. Medlemskap kostar 100kr.

Link til nettside for registrering: <https://www.minidrett.no/medlemskap/1024131>

Betaling

Vi nyttar fast månadspris for aquatrening, fordelt over 11 månader i året (det blir ikkje fakturert i juli). Talet på treningar per måned vil naturleg variere noko på grunn av skuleferiar og heilagdagar, men dette jamnar seg ut over året.

Månedspris for 2026: 620,- pluss transaksjonsgebyr frå Spond (2,99% + 2kr)

Ved oppstart midt i ein måned blir første betaling tilpassa etter kor mange treningar som er att. Deretter gjeld fast månadspris.

Betalingsførespurnad blir sendt ut gjennom Spond. For dei som ikkje har Spond appen vil Betalingsførespurnad kome på mail.

Refusjon

Det blir normalt ikkje gitt refusjon for fråvær eller enkelttimar. Månadsprisen er fast og uavhengig av deltaking, og tek høgde for variasjon i aktivitet gjennom året. Ved langvarig sjukdom eller skade kan det etter søknad gjerast unntak.

Avmelding

Gi beskjed innan den 20. i inneverande måned dersom du ønske å melde deg av Aquatrening. Påbegynt måned blir fakturert i sin heilskap.

Beskjed om avmelding sendast på epost til daglegleiar@vti-symjing.no



VTI-SYMJING

Avlysing eller uforutsette hendinger

Ein Aquatime kan bli avlyst av ulike grunnar. Informasjon om dette blir sendt i Spond gruppa. Det er derfor viktig at å laste ned appen. Ved avlysing av enkeltøkter vil det normalt ikkje bli gitt refusjon, men vi vil så langt det let seg gjere prøve å tilby erstatningstime.

Ved lengre avbrot i tilbodet vil vi vurdere tilpassingar.

Fotografering

Det er strengt forbode å ta bilete eller filme under aktiviteten og i garderobane. Dette for å ivareta personvernet og tryggleiken til deltakarane.

Dette blir kjekt!

Vi håpar alle deltakarane får ei lærerik, utviklande og morosam oppleving. Målet vårt er at alle skal kjenne meistring, tryggleik og glede i vatnet, samstundes som dei utviklar ferdigheiter som varer livet ut.

Følg oss på Facebook eller Instagram: **Volda Symjeklubb** eller besøk heimesida vår www.voldasymjeklubb.no for meir informasjon.

Dersom du har spørsmål eller ønskjer meir informasjon, er du alltid velkomen til å kontakte oss på e-post: daglegleiar@vti-symjing.no

Vi ser fram til å sjå deg i symjehallen 😊



Sparebanken
Møre